



Songen Lille barn var eit sentralt element i talen til sokneprest Lina Haaland.

Nær på 200 møtte fram til Julegudstenesta i dag. Det er det meste det har vore på lang tid. Songen Lille barn av Tarald Aano var eit sentralt element i talen til sokneprest Lina Haaland. Innhaldet i songen er: Kva om Jesus vart fødd her i kveld på juleafta 2016. Ville vi late opp døra for ei framand og gravid kvinne og mannen hennar ? Er svaret ja eller nei.



[Ei fullsett kyrkje på julegudstenesta i dag.](#)

Med denne talen vart juleevangeliet fornya og aktualisert til her og no, ikkje der og då for 2000 år sidan. Den glade budskopen handlar om det vesle barnet som kom til vår jord, fødd inn i enkle kår og som er vår frelsar og Gud.



[Kantor Eva Megyesi helsa alle ei god jul med We wish you a merry Christmas.](#)

Kantor Eva Megyesi framførte Veni Emmanuiel som preludie. Ho har ei travel julehelg med fleire gudstenester kvar dag. Til utgang spelte ho We wish you a merry Christmas. Ikkje nok med det. Frå orgelpulten og galleriet helsa ho den fullsette kyrkja med: God jul til Uskedalen.

Oddbjørg Heimark medverka med bøn og tekstlesing. Magne Eik er alltid på plassen sin med ansvaret for klokkeklang og god lyd.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal